



Fortunen Arkitektur AS
Torgallmenningen 7
5014 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3134 - 18/32106

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
23.10.2018

Ferdigattest einebustad og garasje - gbnr 148/20 Litleskare

Administrativt vedtak. Saknr: 573/18

Tiltakshavar: Britt Marion Litleskare
Ansvarleg søkjar: Fortunen Arkitektur
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 11.05.2005. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 15.10.2018.

Skildring

| | |
|-----------------|--|
| Adresse: | Skarsvegen 715 |
| Bygningstiltak: | Einebustad og garasje |
| Bygningsnummer: | 176218738-1(einebustad) og 23982005(garasje) |
| Bruksareal: | 125m ² (totalt) og 31m ² (garasje) |
| Avlaup: | Felles privat anlegg |
| Vatn: | Privat vassforsyning |

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for bruksendring av, tilbygg til og påbygg einebustad samt garasje på gbnr 148/20.

Bygningene må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.



Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reist søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/3134

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Britt Marion Litleskare
Fortunen Arkitektur AS

Torgallmenningen 5014
7

BERGEN